

Kommentar til Geir Enes

25.01.2010

Etter å ha lese innlegget ditt ser det ut for at du gjer deg ut for å vera det øvre organ i Uskedalen Utvikling, noko eg betvilar sterkt.

Kan du fortelja meg kva det er som er så gale med å etablera arbeidsplassar oppe i dalen? Hvis det er så at trafikken kjem til å auka så mykje så trur eg ikkje det vil bli så store skilnaden frå i dag og frametter dei fyrste åra.

I dag dundrar det monstertraktora med svære tilhengera opp og ned dalen heile dagen. Dette opplever eg stadig når eg tar meg ein tur rundt dalen, men eg ser ikkje noko problem med å møta dei, for alle tar hensyn til dei mjuke trafikantane.

Ser du er kritisk til at tiltakshavar av sandtaket skal få uttale seg til styret i UU. Det er vel ingen som kan gje ei betre utgreiing om reguleringsplan og heile prosessen rundt sanduttak og den eventuelle støyproblematikken. Eg meiner det er total skivebom og direkte urettferdig å ikkje la tiltakshavar få uttala seg for styret. Håpar styret ser fornuften i det.

Eg synest det er på høg tid at folk i bygda begynner å samarbeide og tenka litt framover - med tanke på gode arbeidsplassar og ikkje minst gode naboforhold.

Lasse Yri